

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING 2006

### 1. STYRET

#### Før ålmenningvalet 20. april 2006:

Endre Amundgård (2004 – 2008) – leiar  
Birger Brækken (2002 – 2006) – nestleiar  
Odd Kronberget (2002 – 2006)  
Bjørn Idar Selsjord (2002 – 2006)  
Jørn M Joramo (2004 – 2008)  
Reidar Brækken (2004 – 2008)

#### Nytt styre etter valet:

Endre Amundgård (2004 – 2008) – leiar  
Birger Brækken (2006 – 2010) – nestleiar  
Jørn M Joramo (2004 – 2008)  
Reidar Brækken (2004 – 2008)  
Eva Marit Nordlie (2006 – 2010)  
Tor Ivar Hovhaugholen (2006 – 2010)

#### Varamedlemer 2006 – 2010:

1. Odd Kronberget
2. Pål Terje Håkenstad
3. Tor Bøe

#### Varamedlemer 2004 – 2008:

1. Per Nørstebø
2. Nils Gråberg
3. Oddleiv Hovhaugholen

#### Valkomite for ålmenningvalet 2008:

Jon Arnt Kullungstad  
Anne Elisabeth Sønstebo  
Bjørn Hage

*Odd Kronberget* var ålmenninga sin representant i *Dovre elgutval* fram til valet. *Tor Ivar Hovhaugholen* overtok etter valet.

*Endre Amundgård* er ålmenninga sin representant i *Jorkvitlan grunneigarlag*.

*Bjørn Idar Selsjord* har halde fram som *Dovre* sin representant i *Snøhetta villreinutvalg*, sjølv om han ikkje lengre er styremedlem i Joramo bygdealmening.

Det er halde 13 styremøte og 63 saker er behandla. Årsmøte vart halde på Joratunet 20 april med 5 styremedlemer og 11 andre bruksrettshavarar til stades. Ordførar *Erland Løkken* var invitert til årsmøtet for å snakke om næringsutvikling.

### 2. KONTORET

*Narve Tveiten* er tilsett i 60% stilling som ålmenningstyrar. Stillinga vart utvida frå 50% til 60% frå 01.01.2006. Stillingsstorleik skal evaluerast etter tre år.

*Kari Lothe* er tilsett i 10% stilling som kontomedarbeidar.

### 3. BRUKSRETT

Pr. 31.12.2006 var det 114 bruk i Lesja og 49 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmemming, i alt 163 bruk. Dette er det same som året før.

Øvre Håkåstadlykkja i Lesja har fått attende bruksretten, men skal drivast som ei jordbruksmessig driftseining saman med Nedre Håkåstadlykkja, og verkar difor ikkje inn på brukstalet.

Det er innvilga kr 150.919 i *bruksrettfordel* Bruksrettfordelen er 35% av dokumenterte materialutgifter som før.

Det er *utvist ved* i form av hogst på rot til 26 bruksrettshavarar. I tillegg vil 4 bruksrettshavarar få utvist massevyrke på nyåret 2007.

Oversyn over *beitebruk* (fjorårstal i parentes):

1657 (1581) søyer og lam har gått på beite i ålmenninga. 27 (29) søyer og 109 (161) lam gjekk tapt., stort sett pga rovdyr.

231 (132) storfe har beita i ålmenninga, 1 dyr avliva pga sjukdom.

### 4. SKOGENS DRIFT

#### 4.1. Skogkultur

Det er *planta* 1000 gran og 1420 furu innanfor Tiurhaugen. I tillegg har elevar ved Dombås ungdomsskule planta 400 furu. Det er køyrt *markberieving* på 19 da i Brennhaugen.

#### 4.2. Skogsdrifter sesongen 2005/-06.

##### 1. Gjennomhogst ved Svenskebakken:

##### Inntekter

Sort	Volum m3	%	Snittpris
Massevyrke	512,58	50	176,00
Sville	39,86	4	300,00
Sagtømmer sams	197,73	19	349,23
Utlegg	38,98	4	170,04
Sagtømmer toppmålt	171,68	17	425,67
Takås	66,65	6	550,01
Lengde- /diameteravdrag	1,81	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>1029,29</b>	<b>100</b>	<b><u>279,41</u></b>

##### Utgifter:

Driftsutgifter	1027,48	131,00
Måleutgifter	810,96	3,65
<b>Sum utgifter</b>		<b><u>133,65</u></b>
<b>Rånetto</b>		<b><u>145,76</u></b>

## 2. Hogst etter leidningstrase frå nytt vassverk i Kvislan:

### Inntekter

Sort	Volum m3	%	Snittpris
Massevyrke	61,80	37	176,00
Sagtømmer sams	87,77	53	362,69
Utlegg	7,04	4	170,03
Sagtømmer	8,95	6	214,97
Lengde-/ dimeteravdrag	0,56	0	0,00
<b>Brutto totalt</b>	<b>166,12</b>	<b>100</b>	<b><u>275,89</u></b>

### Utgifter:

Driftsutgifter	165,56		125,01
Måleutgifter	165,56		3,93
Kippetrekk		369	0,00
<b>Sum utgifter</b>			<b><u>130,72</u></b>
<b>Rånetto</b>			<b><u>145,17</u></b>

I tillegg er det selt ca 40 m3 massevyrke som ikkje er innmålt gjennom tømmermålinga. I alt er det selt 1235 m3 tømmer.

Elles er det teke ut om lag 85 kbm bruksrettved som hogst på rot. Totalt er det hoggje 50 kbm meir enn balansekvantum etter skogbruksplanen.

## 5. JAKT

### 5.1 Elg- og hjortjakt

#### Kvote/jaktresultat:

#### *Fjellfeltet:*

Lag: *Jon Ove Solstad*

Kvote: 1 eldre ukse og 1 kalv/ungdyr. 1 tilleggdyr.

Felling: 1 unguekse (121 kg) og 1 eldre ukse (181 kg).

Tilleggsdyr: Ungukse.

#### *Skogfeltet:*

Lag: *Egil Amundgård*

Kvote: 1 yngre ukse, 1 kalv/ungdyr og 2 hjort. 1 tilleggdyr.

Felling: 1 yngre ukse (skadeskyting – kassert slakt) og eldre ukse (138 kg).

Tilleggsdyr: Ungkolle

### 5.2 Småviltjakt

#### Oversyn over kortsal:

	Utanbygds:	Innanbygds:	Bruksrett:	TOTALT:
Sesongkort med hund	31	2	3	36
Sesongkort utan hund	5	2	4	11
3-dagars kort med hund	2			2
3-dagars kort utan hund	0			0
SUM	38	4	7	49

#### Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal for 2005 i parentes):

Hare: 4 (7) stk. på 48 (48) jakt dagar fordelt på 8 (7) jegerar.

Rupe: 158 (197) stk på 97 (139) jakt dagar fordelt på 29 (28) jegerar.  
Kommentarane frå jegerane tyder på at bestanden både av rupe og hare var medels god.

### **5.3 Reinsjakt**

*Snøhetta:*

Kvote: 3 frie dyr, 2 klufbuk, 6 simle/ungdyr og 6 kalv.

Felling: 4 eldre bukk, 8 eldre simle og 5 årskalv ( fellingsprosent=100)

*Rondane nord:*

Kvote: 1 simle/fritt dyr <40 kg og 1 kalv.

Felling: 1 eldre bukk og 1 kalv ( fellingsprosent=100)

### **5.4 Rådyrjakt**

Kvote: 5 dyr

To lag søkte om lagjakt felt 1 (nord for Raumabana). Ein jeger søkte om individuell jakt etter rådyrbukk i felt 2 (sør for Raumabana). Pga av berre ein søknad om bukkejakt med jaktstart 10.08., bestemte styret at det skulle åpnast for ordinær lagjakt i felt 2 med jaktstart 01.11.

Felling: 5 dyr.

### **5.1 Rovdyrjakt**

Det er skrive ut 1 rovdrykort for sesongen 2005/2006.

Det er ikkje rapportert om felling eller fangst av rovdry.

## **6. ØKONOMI**

Rekneskapan for 2006 syner eit overskot på kr 406.958.

Erstatning i samband med langdistanseskyting er inntektsført med kr 450.000.

Utbetalt bruksrettfordel for 2006 er kr 150.919. Gjennomsnitt for dei tre siste åra er kr 140.573.

Resultatet av skogsdriftene for sesongen 2005/ 2006 syner ein gjennomsnittleg rånetto på 145 kroner pr. kbm. Uttaket av tømmer for sal i rekneskapsåret 2006 er 1.235 kbm.

Rekneskapan for kontorbygget syner eit underskot på kr 25.851. Etter utflytting av tre kontor frå 1. juli dette året, kan ein vente at underskotet for kontorbygget vil auke til rundt kr 50.000 neste år.

Tilgangen på likvide midlar er god. Pr. 31.12.06 var innestående beløp i bank og kasse kr 972.817.

Det er ein oppgang på kr 427.639 i høve til året før.

Marknadsverdien av aksjane i Norske Skog er kr 357.333 (opp kr 5.777).

Betalbar kortsiktig gjeld er kr 126.467 (opp kr 52.177)

Kortsiktige krav er kr 312.842 (opp kr 28.033)

## **7. SPESIELLE SAKER I 2006**

### **Joramo Utmarkssenter**

1. juli flytta Dovre fjellstyre og Statskog/Dovre kommune sine kontor frå Joramo Utmarkssenter til Postgarden på Dombås. Dermed står fire kontor tomme på Utmarkssenteret i og med at eitt kontor var ledig frå før.

Det kan bli ei krevjande oppgåve å få fylt opp ledige lokale i kontorbygget.

### **Prosjekt «Skogprogram for Lesja og Dovre»**

Styret har arbeidd med å få til eit prosjekt som går på betre utnytting av skogen i Lesja og Dovre. Prosjektet «Skogprogram for Lesja og Dovre» har tre hovudmål: (1)auke aktiviteten i skogbruket i Lesja og Dovre, (2)auke rånettverdien av tømmeret gjennom mindre massevyrkeandel og nye sorteringar med spesialtømmer og (3)auke lokal vidareforedling og verdiskaping av furutømmer i Lesja og Dovre. Eitt av delmåla er å bidra til å utvikle Joramo Utmarkssenter som «kompetansesenter for skog- og utmarksnæring i Lesja og Dovre.»

Prosjektgruppa har bestått av styret i Joramo bygdealmening, skogbruksleiar, formann i Dovre skogeigarlag, formann i Lesja skogeigarlag, formann i Lesja og Dovre Treforum, skogbrukssjefen i Dovre og skogbrukssjefen i Lesja.

Medlemer av prosjektgruppa har vore i møte med Oppland fylkeskommune/Innovasjon Norge og Regionkontoret. Det har ikkje lukkast å finansiere prosjektet så langt. Innvendingane går på at prosjektet er for vidt og omfangsrikt, at det manglar binding direkte til næringslivet og at mange av oppgåvene i prosjektet eigentleg er kommunane sitt ansvar. På nyåret skal formannskapa i Lesja og Dovre få orientering om prosjektplanane.

### **Tiltak mot erosjon i Jorkvitlan**

Jorkvitlan grunneigarlag og Joramo bygdealmening bad i desember 2005 Lesja og Dovre kommunar om at det vart arbeidd for å få gjennomført tiltak for sikring og stabilisering av Joradeltaet. Etter møte med kommunane i februar vart det lagt fram plan frå grunneigarane på aktuelle tiltak. I mai var det befaring i området der Fylkesmannen i Oppland/Miljøvernavdelinga og NVE var representert. I oktober kom uttala frå NVE og Fylkesmannen, som la sterke avgrensingar på kva for tiltak som kan gjennomførast i området. I brevet frå NVE blir det m.a. peika på verneverdiane som ligg i dei aktive prosessane i elvevifta. Det er svært få attverande elvevifter i fylket, og dette gjer at verneverdien er stor.

Det er ikkje teke stilling til korleis ein skal følgje opp denne saka. I avtale mellom Dovre kommune og ålmenninga i samband med utbyggjing av vassverk i Jorkvitlan, har kommunen forplikta seg til å bidra til å få gjennomført tiltak for å førebyggje og avgrense erosjonsskader/flomskader i deltaområdet, så sant dette ikkje går utover vassverket.

### **Reglar for seterbebyggelse, hytter og buer.**

Styret har brukt mykje tid dette året på revisjon av reglane for seterbebyggelse og hytter i ålmenninga. Styreleiar og styret gjennomførte ein møterunde med alle seterbrukarane for å få fram synspunkt på ulike spørsmål knytt til seterbebyggelse. Forslag til nye reglar vart lagt ut til ettersyn. Dei nye reglane åpnar for å byggje anneks til seterstugu på setrar der det ikkje er kokhus frå før. Det er innført arealgrensar for seterhus. Det er og innført reglar for gamle buer. Reglane for hyttebebyggelse er uendra.

### **Utvisning av dyrkingsjord og kulturbeite i Joramo bygdealmening**

Søknad frå Øyan fellesbeite om dyrkingsjord i ålmenninga, har ført til at styret har valt å ha ein brei gjennomgang av spørsmålet om utvisning av dyrkingsjord og kulturbeite. Interesse for dyrkingsjord blant bruksrettshavarane er undersøkt, og det er innhenta informasjon frå andre bygdeålmenningar om problematikken rundt dette. Styret vil difor bruke litt tid på dette for å ta stilling til søknad om utvisning av dyrkingsjord og kulturbeite på prinsipielt grunnlag.

### **Dombås Ammunisjonslager**

Forsvarsbygg har selt bygningar og anlegg i Dombås Ammunisjonslager til Snøhetta Entreprenør AS. Avtale om leige av grunn er ikkje sagt opp, men det er innleia tingingar med ny eigar om festekontrakt. Utgangspunktet for ålmenninga er at ein skal ha tilsvarande leige for utbygd areal i Ammunisjonslageret som for Jora Industriområde.

### **Pålegg om å ta i bruk utvist seter til Ommundgardseidet på Gardsenden.**

Utvist seter til Ommundgardseidet på Gardsenden er av styret vurdert til ikkje å vera teke i bruk. Eigar fekk val mellom anten å fullføre utbygging av setra eller å få ha ståande seterhus med festekontrakt og med festeavgift som for hytte i ålmenninga. Eigaren valte det siste.

### **Utvida langdistanseskyting**

Forsvaret fekk innvilga søknad om utvida langdistanseskyting med ei veke meir enn i høve til inngått avtale. Leigepris og vederlag for ulempe for utvida skyting vart fastsett til det same som for ordinær skyting. Sidan skytinga fall saman med starten av småviltjakta, fekk jegerane refundert innbetalt kortpris pga ulempene skytinga medførte.

### **Utleige av Jora Mølle og Møllarstugu**

Det er inngått avtale med Norlandia Dovrefjell Hotell om leige av Jora Mølle og Møllarstugu til bruk i samband med vidare utvikling av reiselivsprodukt i Dombåsområdet. Leigar pliktar å ta vare på alt inventar i mølla, og å utføre alt naudsynt vedlikehald både utvendig og innvendig.

Joramo Utmarksenter, 14. mars 2007

Endre Amundgård  
styreleiar

Birger Brækken  
nestleiar

Reidar Brækken

Jørn M. Joramo

Eva Nordlie

Tor Ivar Hovhaugholen

Narve Tveiten  
ålmenningsstyrar